

Møteprotokoll

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Kommunestyresalen, Rådhuset Jondal
Dato: 01.03.2019
Tidspunkt: 13:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Larsgard	Leiar	Jondal kommune
Benthe Bondhus	Medlem	Hordaland fylkeskommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkerstuen	Nestleiar	Etne kommune
Leif Sverre Enes	Medlem	Kvinnherad kommune
Roald Aga Haug	Medlem	Odda kommune
Solfrid Borge	Medlem	Ullensvang herad

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingemund Berge	Siri Klokkerstuen	Etne kommune
Kåre Olav J. Grønsnes	Solfrid Borge	Ullensvang herad

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Astrid Bakke Haavik	nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Underskrift: Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet. Elektronisk godkjent av

Jon Larsgard, styreleiar

Kåre O.J. Grønsnes

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr
ST 1/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 2/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen	
ST 3/19	Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Bondhusdalen Landskapsvernområde - Tiltak på Brufoss inntak og Stutarjønn kanal - Motorferdsel	2019/1 110
ST 4/19	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Førderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/3 072
ST 5/19	Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å utvide hytte - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/4 144
ST 6/19	Tildelingar frå Miljødirektoratet 2019 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019	2019/4 171
ST 7/19	Referatsaker	
ST 8/19	Delegerte saker	
DS 1/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til motorferdsel med snøskuter frå Dravladal til Gråsteinsnuten - Jondal og Ullensvang - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/4 917
DS 2/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om ekstra turar med helikopter og snøskuter for vedlikehald på Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/4 172
DS 3/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til motorferdsel med snøskuter frå Dravladal til Holmavatn - Jondal og Ullensvang - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/4 176

ST 1/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 2/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Vedtak

Kåre Grønsnes vart valt til å skriva under protokoll saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

ST 3/19 Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Bondhusdalen Landskapsvernombordet - Tiltak på Brufoss inntak og Stutarjønn kanal - Motorferdsel

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Handsaming i møte

Det vart oppdaga ein skrivefeil i framlegg frå forvaltar og vedtaksteksten vart endra. Saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernombordet* § 3 punkt 1.3 j), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Statkraft løyve til utbetringstiltak på diverse kraftinstallasjonar og bruk av helikopter og ATV for nyttettransport i Bondhusdalen landskapsvernombordet.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld i tidsrommet 01.05 – 30.11.2019
- Løyvet gjeld for desse tiltaka
- Alle fysiske inngrep må planleggast på ein måte som gjer dei minst mogleg synlege i terrenget
- Alle nye murar må søke å ha farge som ikkje bryt med omgjevande berggrunn, t.d. ved å farge betongen mørkare.
- Steinmassar som blir grave ut av kanal frå Stutatjørn bør leggast minst mogleg synleg i terrenget.

Vilkår for motorferdselløyve

- Løyvet gjeld for følgande turar
 - Naudsynte helikopterturar for å frakte mannskap og utstyr til lokalitetane ved Brufoss og Stutatjørn
 - Løyvet gjeld for naudsynte turar med ATV for mannskap frå Bondhus til Botnavatnet
 - Transport av gravemaskin/beltetrillebår frå Bondhus til Botnavatnet
- Tal turar skal haldast så lågt som mogleg
- Transporten skal om mogleg skje utanom helg og heilagdagar

- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal først køyrebok som viser dato, køyrerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal først i køyreboka før transporten begynner.
- Køyreboka skal følgje med under transporten
- Køyrebok skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31. desember kvart år**
Merk med referanse: 2019/1110. Send gjerne på e-post til: fmvlpost@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

ST 4/19 Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Fynderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Handsaming i møte

Benthe Bondhus gjekk frå bordet under handsaming då ho vart rekna ugild. Vedtak i saka vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Grunneigarane på 60/1 på Bondhus får avlag på søknad om oppføring av stølshus på Fynderdalsstølen i Folgefonna nasjonalpark. Avslaget er gitt med heimel i forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.1

ST 5/19 Framlegg - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om å utvide hytte - Fonnabu turisthytte - Bergen og Hordaland turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Handsaming i møte

Styret meiner tiltaket er viktig for å gje eit godt tilbod til ålmenta i nasjonalparken. Vidare meiner dei tiltaket ikkje vil skape unødig presedens då det er viktig å skilje mellom private hytter og turisthytter. Styret gjekk saman om eit alternativt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre gjev Bergen og Hordaland turlag løyve til å utvide nyehytta på Fonnabu turisthytte. Løyvet er gitt med heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3 a). For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld bygging av tilbygg med ytre mål som samsvarar med teikningane vedlagt i søknaden.
- Søkjar eller kommune må hente inn innspel frå kulturminnemynda i Hordaland fylkeskommune.
- Om det blir endringar i fysisk utforming på tilbygget, må endringane opp til ny vurdering i nasjonalparkstyret
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet og forsvarleg handtering av avfall og rivingsmateriale
- Tiltaket skal vere gjennomført innan 1. september 2020, inkludert alt av opprydding
- Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast med bilete som vert sende til nasjonalparkstyret
- Naudsynt motorferdsel må søkast om i eigen søknad

ST 6/19 Tildelingar frå Miljødirektoratet 2019 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å prioritere desse tiltaka i 2019.

Skildring	Søkt om
Kartlegge og lage ein plan for fjerning av framande treslag i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Dette er eit ledd i arbeidet med å fjerne alle framande artar og hindre spreiing av framande artar inne i verneområda. Planen skal innehalde oversikt over alle førekomstar, tilråding på korleis uttak skal gjerast og kostnadsoverslag på kvart enkelt tiltak. Dette skal fungere som eit grunnlag for å søke om tiltaksmidlar påfølgande år.	300 000
Mål: Å lage ein kort informasjons/introduksjonsfilm om Folgefonna nasjonalpark i tråd med merkevarestrategi	150 000
Drift av bru over Skrelet + forsterke brua etter flaum	20 000
Pilotprosjekt for å utreie modell for offentleg-privat samarbeid om tilrettelegging og drift av innfallsport Bondhusdalen (frå Driftsmidlane)	200 000
Ferdselsteljarar	Kjem seinare
Uføresette tiltak	30 000

ST 7/19 Referatsaker**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019****Vedtak**

Det var ingen referatsaker.

ST 8/19 Delegerte saker**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019****Vedtak**

Det var ingen kommentarer til dei delegerte vedtaka.

DS 1/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til motorferdsel med snøskuter fra Dravladal til Gråsteinsnuten - Jondal og Ullensvang - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 2/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om ekstra turar med helikopter og snøskuter for vedlikehald på Holmaskjer turisthytte - Odda/Ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre

DS 3/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad om løyve til motorferdsel med snøskuter fra Dravladal til Holmavatn - Jondal og Ullensvang - Folgefonna nasjonalparkstyre

ST 9/19 Eventuelt**Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019****Handsaming i møte**

- Jon Larsgard informerte om ein forespurnad frå professor Morten Clemetsen ved Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet. Kurset Strategisk landskapsplanlegging vil halde eit masterkurs med fokus på Folgefonna-kommunane. Dei vil gjerne jobbe med konkrete problemstillingar i

kommunane og spør etter konkrete idear. Jon vil arbeide vidare med dette opp mot dei andre kommunane. Føreslegne prosjekt knytt til nasjonalparken var grunneigarsamabeidet på Buer og pilotprosjekt for grunneigarsamarbeid i Bondhusdalen.

- Forvaltar orienterte om pilotprosjekt for Bondhusdalen og dei ulike framgangsmåtane for å få eit prosjekt på skinner. Styret var opptekne av at det vert mest mogleg involvering av grunneigarane så tidleg som mogleg. Difor bør det planleggast eit møte med alle grunneigarar i Bondhusdalen så raskt som mogleg. Styreleiar og forvaltar stiller saman på møte, men andre potensielle aktørar i prosjektet ventar til seinare i prosessen.

Vedtak

Forvaltar planlegg møte med grunneigarane i Bondhusdalen. Jon Larsgard følgjer opp masterkurs i strategisk landskapsplanlegging.

Samrøystes vedteke.